



AUSTRHEIM KOMMUNE

Plan, bygg, oppmåling og miljø

Jannecke Nielsen
Litlalindås 20
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1020 - 21/7507

Saksbehandlar:
Christopher Marius Straumøy
christopher.marius.straumoy@austrheim.kom
mune.no

Dato:
28.09.2021

Løyve - gbnr 151/24 - planering av tomt og båtopptrekk, naust og flytebrygge

Administrativt vedtak. Saknr:

Vi syner til søknad motteke 06.09.2021

Vedtak

Det vert gjeve løyve til bygging av naust og utlegging av flytebrygge som omsøkt i medhald av plan- og bygningslova §§ 1-8(3) 20-4, 29-2 og 29-4, samt naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår:

1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.

Saksutgreiing:

Tiltak

Søknaden gjeld planering og oppføring av naust med båtopptrekk og utlegging av ny flytebrygge.



Innteikna situasjonsplan på kart

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader i samband med nabovarslinga.

Planstatus

Tiltaket ver vurdert som i tråd med kommuneplan med plan-id: 2013001. Omsøkt stad er avsett til naust og småbåthamn. Kommunen vurderer tiltaket å vere i tråd med KPA.



Omsøkt område er avsett til Naust & Småbåthamn i KPA.

I KPA gjeld fleire føresegn som søker må følgje, og særleg punkt 1.6.12:

§ 1.6.12 Naust

Naust skal vere bygg/uthus i ein etasje med bruksareal (BRA) inntil 40 m^2 , og kan byggjast enkeltståande eller i rekke. Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal. Knevegg på loft er ikkje tillate. Mønehøgda kan vere inntil 5,0m målt frå gjennomsnittlig planert terregn. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av bruksarealet (BRA). Altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate. Naust skal ha saltak med ein takvinkel mellom 35° og 45° . Takforma kan tilpassast lokale høve. Naust skal ikkje nyttast til varig opphold. Veggliv naust er førande for frådeling av naustetomt. Det skal vera mogleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom naust/naustumljøet, og tiltak som privatiserer eller fysisk hindrar ferdsel, til dømes gjerder, leveggjar, murar og liknande, er ikkje tillate (PBL § 11-9, nr. 5)

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Statsforvalteren i Vestland.

Fråsegn frå andre mynde

Det kan vere naudsynt med løyve frå Bergen og Omland Hamnevesen til utlegging av flytebryggje/bølgjebrytar. Dette må avklarast av søkjar før arbeidet vert sett i gang. Omsøkt tiltak hindrar ikkje den frie ferdsla eller tradisjonelt fiske. Den sikrar bruken av naustet i området og tryggjar båtar som ligg her til fortøyning.

Situasjonsplan og terrengprofilar

Tiltaket er teikna inn med tilstrekkeleg målsetting. Omsøkt naust har BRA 40m2. Søknadsteikningar er datert den 28.09.2021. Dei er i tråd med føresegner i kommuneplan frå 2019.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehår gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Konklusjon:

Det vert godkjent godkjent løyve til bygging av naust med båtopptrekk og utlegging av flytebrygge som omsøkt.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon kan sendast inn saman med oppmoding om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal søker skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10 og nødvendig slutt dokumentasjon og erklæring om ferdigstillelse skal leggjast fram.

Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Med helsing

Christopher Marius Straumøy
rådgjevar

Kopi til:

Alf Kvant

Mottakere:

Jannecke Nielsen Littlelindås 20 5943 AUSTRHEIM